Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

# Oversikt over 116-nummer med tenesteskildring

| Nummer | Tenestenamn | Tenesteskildring | Spesielle krav til bruken av nummeret | Tildelt til | Dato |
|---|---|---|---|---|---|
| 116 000 | Krisetelefon for og om sakna barn | Tenesta skal<br>• ta imot førespurnader som rapporterer om sakna barn og vidareformidle desse til politiet<br>• tilby støtte og råd til dei pårørande<br>• støtte etterforskinga | Tenesta skal vere landsomfattande og døgnkontinuerleg tilgjengeleg (24 timar i døgnet, 7 dagar i veka) | | Ingen søknader mottekne |
| 116 006 | Hjelpelinje for offer for kriminalitet | Tenesta skal gje offer for kriminalitet<br>• psykologisk støtte<br>• opplysningar om kva rettar dei har og korleis desse kan gjerast gjeldande<br>• tilvise til relevante organisasjonar<br><br>Tenesta skal vidare opplyse om<br>• nasjonale prosedyrar for politimeldingar og gangen i straffesaker<br>• erstatnings- og forsikringsspørsmål<br><br>Offera skal også rettleiast om korleis dei kan søkje hjelp hjå andre kjelder. | Dersom tenesta ikkje er døgnkontinuerleg tilgjengeleg (24 timar døgnet, 7 dagar i veka, landsomfattande), pliktar den som driv tenesta å kunngjere når tenesta er tilgjengeleg.<br><br>Denne informasjonen skal vere lett tilgjengeleg.<br><br>Dei som ringjer tenesta utanom opningstid, skal få informasjon om når ho vil vere tilgjengeleg neste gong. | Krisesentersekretariatet | Tildelt:<br>14.5.2019 |

Nasjonal kommunikasjons-myndighet

| Nummer | Tenestenamn | Tenesteskildring | Spesielle krav til bruken av nummeret | Tildelt til | Dato |
|---|---|---|---|---|---|
| 116 111 | Hjelpelinje for barn | Tenesta skal hjelpe barn med behov for omsorg og vern og setje dei i kontakt med aktuelle tenester og ressursar.<br><br>Barn skal få høve til å gje uttrykk for bekymringar, snakke om problem som påverkar dei direkte og kontakte nokon i ein naudsituasjon. | Dersom tenesta ikkje er døgnkontinuerleg tilgjengeleg (24 timar i døgnet, 7 dagar i veka, landsomfattande), pliktar den som driv tenesta å kunngjere når tenesta er tilgjengeleg.<br><br>Denne informasjonen skal vere lett tilgjengeleg.<br><br>Dei som ringjer tenesta utanom opningstid, skal få informasjon om når ho vil vere tilgjengeleg neste gong. | Kristiansand Kommune | Tildelt: 27.04.2009 |
| 116 117 | Legevakt | Tenesta skal handtere førespurnader om legehjelp ved akutt, men ikkje livstrugande, sjukdom.<br><br>Dette gjeld fortrinnsvis førespurnader utanfor normal opningstid for ”vanleg” legevakt, i helgar og på heilagdagar.<br><br>Telefonførespurnadene skal i fyrstelinja svarast på av ein fagperson, eller av ein person med fagleg støtte, eller direkte av ein lege. | Dersom tenesta ikkje er døgnkontinuerleg tilgjengeleg (24 timar i døgnet, 7 dagar i veka, landsomfattande), pliktar den som driv tenesta å kunngjere når tenesta er tilgjengeleg.<br><br>Denne informasjonen skal vere lett tilgjengeleg.<br><br>Dei som ringjer tenesta utanom opningstid, skal få informasjon om når ho vil vere tilgjengeleg neste gong. | Helse-direktoratet | Tildelt: 15.12.2010 |

Nasjonal
kommunikasjons-
myndighet

| Nummer | Tenestenamn | Tenesteskildring | Spesielle krav til bruken av nummeret | Tildelt til | Dato |
|---|---|---|---|---|---|
| 116 123 | Krisetelefon | Tenesta skal tilby støtte til personar som lir av einsemd eller er i ei psykologisk krise. | Dersom tenesta ikkje er døgnkontinuerleg tilgjengeleg (24 timar i døgnet, 7 dagar i veka, landsomfattande), pliktar den som driv tenesta å kunngjere når tenesta er tilgjengeleg.<br>Denne informasjonen skal vere lett tilgjengeleg.<br>Dei som ringjer tenesta utanom opningstid, skal få informasjon om når ho vil vere tilgjengeleg neste gong. | Mental Helse | Tildelt: 26.05.2009 |

**Nasjonal kommunikasjonsmyndighet**
Besøksadresse:
Nygård 1, Lillesand

Postadresse:
Postboks 93
4791 LILLESAND

Tel: 22 82 46 00
Fax: 22 82 46 40
firmapost@nkom.no

NO 974 446 871
www.nkom.no